



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad:
Dato: 28.08.2023
Tidspunkt: 13:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 12/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
RS 5/23	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker på styremøte 3-2023		2019/10793
ST 13/23	Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak og prioritering av tiltaksmidlar		2019/4056
ST 14/23	Ålfotbreen verneområdestyre - oppnemning av rådgjevande utval for 2023 - 2026		2019/11038
ST 15/23	Ålfotbreen landskapsvernområde - Bygging av ny bremålingshytte - SFE Produksjon AS		2023/10194
ST 16/23	Eventuelt		

ST 12/23 Godkjenning av innkalling og sakliste



Arkivsaksnr: 2019/10793-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 21.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/23	28.08.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker på styremøte 3-2023

Innstilling frå forvaltar

Verneområdestyret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker

- Nestegard Media fekk i juni løyve til å filme med drone i samband med produksjon av dokumentarfilm. Saka vart drøfta med styret.

Sikringshytte ved Gjegnabu

Tidlegare i år ga verneområdestyre løyve til bygging av sikringshytte ved Gjegnabu. Gjennom sommaren har det vore litt fram og tilbake når det gjeld nøyaktig plassering av hytta. Ein ønskjer å ha ei best mogeleg plassering i terrenget, samstundes som at man vil unngå for høge og store trapper og at man vil ha mest mogeleg praktisk og enkel bruk av dørene.

Søndag 13.august var arkitektane, Flora turlag og verneområdeforvaltar på synfaring til Gjegnabu. I fellesskap diskuterte vi dei ulike forslaga til plassering og etterkvart såg vi på nokre nye. Vi landa på at ei ny plassering var den beste. Både med omsyn til tilpassing i terrenget og praktiske inngangsløysingar. Den nye plasseringa er tett på plasseringa som låg til grunn for søknaden styret handsama tidlegare i år.

Verneområdeforvaltar konkluderte med at dette er innanfor den fleksibiliteten som var i det løyvet, og det ikkje er behov for ny søknad og sakshandsaming for den justerte plasseringa.



Verneområdeforvaltar orienterte om vilkåra i løyvet og kva handlingsrom dei har til ulike tilpassingar.

Flora turlag har ein ambisjon om å i alle fall få støypt søylene som skal vere fundament no i år.

Økonomi

I drifta av verneområdestyret har vi til no brukt om lag 76.000 av eit tildelt budsjett på 115.000. Det betyr at vi har i underkant av 40.000 igjen til resterande møte og andre utbetalingar. Det vil truleg vere dekkande.

Samling med nasjonalparklaget hos Statsforvaltaren

Det vert arrangert ei samling for nasjonalpark- og verneområdeforvaltarar tilknytt Statsforvaltaren i Vestland 24. og 25. august. Samlinga vert arrangert i Ålfoten med synfaringar og besøk i Grøndalen, Førdedalen, på Hjortegarden, hos SFE i Åskora og til SFE sine anlegg i Yksneelvane og Bjørndalen. I tillegg til forvaltarane deltek seksjonssjef, avdelingsdirektør og miljøjurist frå Miljøavdelinga.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	13/23	28.08.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak og prioritering av tiltaksmidler

Innstilling frå forvaltar

Handsaming i møte:

- Vi går gjennom tiltaka som har blitt jobba med og svarar ut eventuelle spørsmål
- Styret gjer ei vurdering og eventuell prioritering av tiltaksmidlane som ikkje er fordelt enno.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Oversikt over tiltak og tiltaksmidler per 21.8
- Rapport frå synfaring på stien til Blåbrebu
- Rapport frå synfaring på stien frå Åskora mot breen.

Her er ein gjennomgang av dei tiltaka vi har på tiltakslista for 2023:

- Rydde skog i og langs skogsveg i Hope
Dette vart gjennomført i vår, like etter at snøen hadde gått. Arbeidet er ferdig, og det ser veldig bra ut.
- Sti til Blåbrebu
Forvaltar og naturoppsyn har vore på synfaring på denne ruta. Sjå vedlagt rapport. Etter vårt syn er det brua som er verste flaskehalsen. Den held ikkje ein standard som er tilrådeleg å lokke folk til å gå over.



Vi vurderer det og slik at denne jobben med å utbetre brua kan vi gjere sjølv. Det er truleg meir effektivt enn å sette andre inn i jobben. Og SNO har utstyr og kompetansen som trengs.

- Tilrettelegging Førdedalen
Her er det ikkje gjort noko konkret enno. I følgje dei lokale grunneigarane so er gapahuken mykje i bruk. Her er potensiale for å gjere meir ut av plassen. Både få på nytt dekke på plassen rundt og gjerne investere i til dømes ei bålpanne.
- Sti Åskora til breen
Forvaltar og oppsyn har vore på synfaring. Vi er usikre på kor mykje vi skal gjere ut av denne ruta. Stien opp til Litle Åskoravatnt er heilt ok ut i frå dagens bruk. Flaskehansen her er kryssing av elva ovanfor det vatnet. Med låg/ingen vassføring er det ikkje noko problem. Ved stor vassføring er ikkje det trygt.
- Parkering i Grøndalen.
Dette er eit tiltak som vi har drege med oss nokre år. Vi har sett på to alternativ og landa på det alternativet som går ut på å utvide dagens parkeringsplass. Det er truleg enklare og tryggare enn å bygge ein til.
Forvaltar har vore på synfaring saman med Gravdal Skog og Hageservice. Sjølve jobben er ganske enkel, men det trengs ein del masse.
Vi ventar framleis på ei avklaring frå Kinn kommune på om dette krev noko form for byggesak eller anna løyve.
Vi betalte 50.000 kr til denne jobben på førehand i fjor, med fjorårets tiltaksmidlar. Men eg går ut i frå at vi må bruke noko av årets midlar og.
- Tiltak som ikkje har blitt gjort noko med førebels:
 - Nye turskilt
 - Infoskilt
 - Rydde og merke stiar i Grøndalen

Forbruk av tiltaksmidlar

Vi har fått tildelt 300.000 i tiltaksmidlar i år. Til no er det berre betalt ut vel 20.000 av desse, men det vil kome ein del meir. Vi har konkrete planer for om lag 150.000 av dei per no.



Arkivsaksnr: 2019/11038-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	14/23	28.08.2023

Ålfotbreen verneområdestyre - oppnemning av rådgjevande utval for 2023 - 2026

Innstilling frå forvaltar

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde i perioden 2023 til 2026 vert samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
- Leidulv Solvang, grunneigarrepresentant Flora
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen
- Grunneigarrepresentant frå Bremanger
(verneområdeforvaktar får fullmakt til å finne representant før første møte)

Utvalet vert kalla inn til møte i slutten av september.



Saksopplysningar

Endringar i samansettinga av utvalet vart vedteke på førre møte. Verneområdeforvaltar fekk i oppdrag å finne grunneigarrepresentantar frå dei tre kommunane.

Leidulv Solvang har sagt ja til å fortsette som grunneigarrepresentant frå Kinn kommune. Han er den mest sentrale representanten der sidan han er grunneigar i Grøndalen som er ein av dei viktigaste innfallsportane totalt sett og den viktigaste i Kinn. Vi har dessutan eit visst samarbeid med Solvang i arbeidet med tilrettelegging i Grøndalen som i stor grad skjer på hans eigedom.

Ola Jan Birkeland frå grunneigarlaget i Hope har sagt ja til å halde fram som grunneigarrepresentant frå Gloppen. Den viktigaste innfallsporten til verneområdet er ruta som går opp frå Hope, og det er derfor særst nyttig med ein god dialog med det grunneigarlaget. Ola Jan kommuniserer dessutan godt med andre grunneigarar i Gloppen med eigedom og interesser i verneområdet.

Det har ikkje lukkast å finne grunneigarrepresentant frå Bremanger i skrivande stund, men forvaltar jobbar opp mot kommunen for å finne ein høveleg representant. Ei løysing kan derfor vere at styret gjev forvaltar fullmakt til å finne denne før møte no i haust. Styret kan og peike ut representant i møte og ta denne med i vedtaket.



Arkivsaksnr: 2023/10194-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	15/23	28.08.2023

Ålfotbreen landskapsvernområde - Bygging av ny bremålingshytte - SFE Produksjon AS

Innstilling frå forvaltar

1. SFE Produksjon AS får løyve til å rive og fjerne den gamle bremålingshytta, og den gamle stålcontaineren, nord for Ålfotbreen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3.g.
2. SFE Produksjon AS får løyve til å bygge ny hytte nord for Ålfotbreen, som erstatning for den gamle bremålingshytta. Hytta skal plasserast i tråd med vedlagt kart og vere på inntil 46m². Løyvet vert gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd første alternativ.

Vilkår for løyvet:

- Hytta skal vere slik som teikningane vedlagt søknaden syner.
- Det kan plasserast solcellepanel på hytta.
- Tiltakshavar kan flytte steinar av handterbar storleik der kor hytta skal plasserast og på landingsplass for helikopter.
- Den gamle hytta og stålcontaineren skal fjernast, inkludert fundament.
- Tiltakshavar er ansvarleg for at det vert rydda opp når arbeidet er ferdig, alt avfall og restar skal transporterast ut av området.
- Byggearbeidet skal vere ferdig innan utgongen av 2025.
- Når arbeidet er ferdig skal dette dokumenterast med bilete og ein kort rapport som vert sendt til verneområdeforvaltar.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyve frå kommune og grunneigar.
- Dette løyvet dekkjer ikkje motorferdsel i samband med transport. Motorferdsel må søkjast om på vanleg måte.

Saksutgreiing



Dokument i saka:

- Søknad om å bygge ny hytte ved Ålfotbreen frå SFE
- Vedlagte skisser, kart og illustrasjonar
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde

Søknaden

Sogn og Fjordane Energi (SFE) skal som eit av vilkåra i konsesjonen sin, legge til rette for Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine bremålingar på Ålfotbreen. NVE driv utfører målingar på breen fleire gonger for året som ein del av sitt samfunnsoppdrag, for å kunne dokumentere utvikling og massebalanse på breen.

Til no har det stått ei Moelvenbrakke der. Den er etter kvart ganske skada av muggdanning og moden for sanering. SFE ser ikkje vidare utbetring av den brakka som noko tenleg løysing, og vil derfor bygge ny hytte. NVE har tidlegare hatt eit lite lagerbygg i området som seinare har blitt erstatta med ein stålcontainer. I den nye hytta vil det bli tilstrekkeleg med lagerplass slik at containeren og kan fjernast.

SFE Produksjon AS søker derfor om å få føre opp ei ny hytte til erstatning for dagens brakke og container. Hytta som er teikna er på 45,3 m² BYA (40,5 m² BRA) og skal plasserast der som containeren står i dag. Hytta skal ha ein sekskanta fasong og stå på betongsøyler, for å redusere oppbygging av snøfonner. Etter innspel frå Keipen turlag vil det bli lagt opp til seks sengeplassar i hytta. Hytta vil ha vedovn, gasskomfyr og solcellepanel. Der vil vere toalettløysing som baserer seg på forbrenning. Der blir ikkje noko form for innlagt vatn eller avløp.

Til no har NVE vore eigar av hytte og container, medan SFE har tatt seg av drifta. Med ny hytte vil SFE overta eigarskap, og bygningane har allereie blitt skjøyt over frå NVE til SFE. Dei vil søkje Bremanger kommune om byggeløyve når dei har fått løyve til å bygge hytta av verneområdestyret.

Regelverk

Sidan det her er snakk om å fjerne ei gammal hytte og container, og so bygge opp ei heilt ny hytte, so må saka handsamast som eit nybygg. Då må og riving av eksisterande bygning handsamast, men det kan vi gjere i ei og same sak sidan dei heng so tett saman.



Både riving av eksisterande bygning og oppføring av nytt bygg er i utgangspunktet forbode i verneområdet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Det er likevel opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ein del tiltak, jamfør § 3 punkt 1.3. Mellom anna gjeld dette riving av bygningar:

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

[...]

g) riving av bygningar

[...]

Derimot står det ikkje noko i det punktet om oppføring av nye bygningar i samband med bremåling eller kraftproduksjon. Søknad om oppføring av nytt bygg må derfor handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova (nml) § 48. Det er då første ledd, første alternativ (mi understreking) som er aktuell å bruke.

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Jamfør naturmangfaldlova § 7, so skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8 – 12.

Søkjaren er sjølv ansvarleg for naudsynte løyve frå kommunen og eventuelt andre instansar.

Vurdering

I slike «§48-saker» må vi først vurdere om det er heimel for å bruke den paragrafen i saka, altso om vilkåra i nml § 48 er oppfylt. Der står det at forvaltninga kan gje dispensasjon frå vernevedtak dersom tiltaket ikkje strider mot verneføremålet og det ikkje kan verke nemneverdig inn på verneverdiane. For å vurdere det so må vi sjå på føremålet med vernet, og det står i § 2 i verneforskrifta:

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med vernet er å:

- Ta vare på eit eigenarta, vakkert og kontrastrikt naturlandskap med dei vestlegaste og mest oseanisk påverka isbreane i Noreg.*
- Bevare utan større tekniske inngrep dei storslåtte og særprega devonske landskaps-formene, og heile breidda av naturtypar i overgangen frå høg fjell og bre til elver og vatn, skogkledde dalar og fjordlier med varmekjær lauvskog.*
- Ta vare på det biologiske mangfaldet og kulturlandskap som finst i området.*

Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.





Her står det at ein skal ta vare på landskapet utan større tekniske inngrep. I det ligg det at det å føre opp nye bygningar må handhevast strengt. Normalt sett kan ein ikkje rekne med å få dispensasjon til fleire nye bygningar ut over det som er opna for i verneforskrifta § 3 punkt 1.3. I denne saka stiller det seg litt annleis, sidan det er snakk om å fjerne to bygningar/installasjonar som står der i dag og erstatte desse med ein. Talet på bygningar vert altså redusert. I tillegg er den nye hytta meir tilpassa landskap og terreng enn brakka og containeren som står der i dag. Alt i alt vil dette vere positivt for verneføremålet og verneverdiane i området. Eg vurderer det derfor slik at vilkåra i nml § 48 er oppfylt.

Som omtala tidlegare er SFE pålagt gjennom konsesjonen dei har, å lagge til rette for NVE sine bremålingar. Det har dei vore i mange år og dette har fungert bra, etter det som forvaltninga kjenner til. Men, når ein har bygningar so vil det alltid vere eit behov for vedlikehald. Dette har vore gjort på dagens hytte, men tilstanden er no så dårleg at det ikkje er tilrådeleg å bruke dagens hytte lenger. Hytta skal både gje akseptable arbeidsforhold for dei som skal gjennomføre målingane, og den er viktig for å ta var på tryggleiken til arbeidarane. Vi er her i eit høgfjellsområde der veret kan skifte fort og dei klimatiske og vêrmessige tilhøva kan vere særskilte krevjande. Behovet for ei tenleg hytte her oppe er openbart.

SFE har hatt ein dialog med Keipen turlag i denne saka. Turlaget ønskjer å kunne bruke bremålingshytta når ikkje SFE eller NVE sjølv nyttar ho. Det ligg an til ei ordning der både Keipen turlag og andre kan ha ein viss tilgang til å kunne nytte hytta på visse vilkår. Eit slikt samarbeid endrar ikkje det formelle og juridiske i saka, men forvaltninga ser likevel positivt på det. Vi har tidlegare oppmoda om samarbeid mellom aktørane og fleirbruk av dei bygningar og installasjonar som er i verneområdet. Det er dessutan veldig bra at hytta er med på å auke tryggleiken i eit krevjande og vêrhardt fjellområde.

SFE ønskjer å plassere hytta der kor stålcontaineren står i dag. Den står oppe på ein fjellrygg. For landskapet sin del so hadde det vore ideelt med ei anna plassering lågare i terrenget, men då vil hytta komme under fleire meter snø om vinteren. Målingane vert utført gjennom heile året, og hytta må derfor vere tilgjengeleg gjennom heile året. Det ville truleg heller ikkje vore heilt bra for levetida til hytta om den skulle vere under snø store delar av året. Eit anna alternativ er der som dagens hytte (brakka) står, på ein annan fjellrygg 150 m lenger aust. NVE har spelt inn at beste plassering er der containeren står av omsyn til snøtilhøva. Det området brukar å blåse reint for snø og ha tilgang gjennom heile året.

Søkjaren har lagt ved veldig gode og detaljerte teikningar og illustrasjonar til søknaden. Dei syner ei sekskanta hytte med saltak. Hytta skal plasserast på betongsøyler, slik at det vert «luft» under hytta. Både plasseringa og bruk av søyler er nok først og fremst for å unngå at snøen fokkar seg og bygger seg opp rundt hytta, og at vindbelastninga på bygningen bli mindre. I tillegg fører det til at hytta får ei mindre dominerande og meir naturleg form i terrenget, sidan ei sekskanta hytte med saltak får mjukare vinklar enn ei meir firkanta og «kubisk» hytte. Litt enkelt forklart kan ein seie at hytta då vil likne meir på steinblokkene som det er mange av i området.



Teikningane syner ei hytte med ytre flatemål (BYA) på om lag 45 m². I forvaltningsplanen for Ålfotbreen landskapsvernområde står det at «Lokal byggeskikk i regionen tilseier at bygningar i utmark ikkje bør ha større utvendig flatemål enn maksimalt 35 m².» og denne er då noko større enn det forvaltningsplanen legg opp til. Men å bygge ei hytte til bremålingar, som og inkluderer eit lager for naudsynt utstyr, er noko anna enn å bygge eit sel eller ei gjetarhytte. Det er dessutan eit poeng at tal bygde kvadratmeter blir redusert, sidan den gamle hytta og containeren totalt sett er på rundt 50 m².

Det er lagt opp til ståande kledning, små vindauge og dempa fargeval. Det vert to dører i hytta, ei til «hyttedelen» og ei eiga dør til lageret. Begge dørene er på fasaden mot sør. Det går fram av søknaden at her skal vere solcellepanel, men det kjem ikkje fram kor dette skal plasserast.

Lokal byggeskikk blir eit ganske opent spørsmål i eit slikt område. Einaste bygningane som er her frå før er dei som skal fjernast, og dermed er det ikkje noko definert byggeskikk å følgje. Då må vi heller sjå til i kva grad bygget passar inn i landskapet. Som sagt tidlegare so passer forma på bygget godt inn i landskapet og i tillegg er det eit vesentleg poeng at den nye hytta er vesentleg betre i landskapet enn den hytta og containeren som er der i dag. Endringa er positiv for landskapet og verneverdiane.

Vestland fylkeskommune har fått søknaden til uttale, særleg med tanke på vurdering av byggeskikk. Dei vurderer det slik at bygget ikkje verkar dominerande i landskapet og peikar på at det er positivt at bygget er plassert på søyler som ikkje gir stort inngrep i landskapet. Dei har ikkje merknader til tiltaket.

Når det gjeld løysingane inne i hytta so er dei mindre relevante for sakshandsaminga i eit landskapsvernområde, men vi ser at det her er lagt opp til effektive og funksjonelle løysingar. Det er smart å velje forbrenningstolett som ein kan ha inne i hytta, men kor ein slepp å ha avløp eller anna løysing under hytta.

Forvaltninga kjenner ikkje til sårbare naturverdiar i området der hytta skal førast opp. Dette er karrig høgfjell med minimalt med vegetasjon og det er heller ikkje mykje dyreliv her. Det er likevel viktig at påverknaden på området blir so liten som mogeleg. Mellom anna gjennom at det ikkje vert nytta større område enn naudsynt til «byggeplass» og ved at alt avfall og byggerestar vert rydda opp att. Alle restane av dei gamle bygningane og installasjonane bør og fjernast, inkludert gamle fundament. Det er tiltakshavar som står ansvarleg for oppryddinga, inkludert kostnadane som måtte følgje med det (jamfør nml § 11)

SFE har skrive i søknaden at dei vil ha behov for å flytte noko stein, mellom anna for å få til ein trygg landingsplass for helikopter. Det er eit forståeleg og rimeleg behov. So lenge det er snakk om flytting av mindre steinar som ikkje krev maskiner eller sprenging, so er dette heilt ok.

Kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) i saka er godt. Søknaden er grundig og bygger på gode skisser, bilete og illustrasjonar. Artskart syner ingen sårbare førekomstar i området.



Jamfør nml § 10 skal vi vurdere samla belastning av tiltaket, inkludert samla verknad med tidlegare tiltak i området og framtidige tiltak som kan komme i tråd med forvaltningspraksisen som saka legg opp til (presedensverknad). Det er særst få bygningar inne i Ålfotbreen landskapsvernområde, og det er ingen andre bygningar i akkurat dette området, når dei gamle vert fjerna. Tiltaket er sopass unikt at saka ikkje skapar nokon nemneverdig presedens, i alle fall ikkje som er problematisk. Samla belastning er derfor akseptabel.

I nml § 12 står det at vi skal velje den mest skånsame lokaliseringa for natur og miljø. I denne saka vert det ei avveging. Det mest skånsame for landskapet ville vere å legge den nye hytta lågare i landskapet, nede i ein liten dal. Men då ville ikkje hytte fungere som den er tiltenkt gjennom heile året. Derfor må hytta stå på ein rygg, der kor stålcontaineren er i dag. Løysinga er akseptabel, særleg med tanke på at containeren vert fjerna, og det derfor ikkje vert fleire installasjonar.

Nml § 9 er ikkje relevant i saka.

Kort oppsummert so er dei positive effektane av tiltaket vesentleg større enn dei negative. To gamle bygg/installasjonar vert erstatta med ein som både er betre og som vil passe betre i landskapet. Den nye hytta vil og vere meir funksjonell for fleire brukarar, og den kan og kanskje redusere motorferdsel i området noko. Planar, skisser og illustrasjonar frå SFE ser veldig gode og gjennomtenkte ut.

SFE skriv i søknaden at det kan kome justeringar undervegs, dersom det dukkar opp nye moment eller berekningar undervegs i planlegginga og bygginga. Det får vi ta etter kvart om det dukkar opp. Mindre endringar vil kunne gjerast etter avklaring med forvaltninga. Større endringar må søkast om og sakshandsamast.

ST 16/23 Eventuelt